

Alle 5 leilegheiter skal selgjast

26.09.2011



**Alle dei 5 leilegheitene oppå SPAR-butikken blir i prinsippet
lagt ut for sal no, men dei 2 store skal selgjast først fordi dei vert
ledige i nær framtid.**

**Det presiserar dagleg leiar i Nilsen Handel Bente Nilsen
i samband med det annonserete salet av husværa i
Sandavegen 13.**

Leilegheitene vart bygd for 3 år sidan og har sidan vore
utleigd, dei 3 små på 50 kvadratmeter heile tida. Dei store
er på 80 kvadratmeter og samtlige har ein stor hems.
Med unnatak av ein nordmann er det no polakkar som bur
i husværa.

Nilsen Handel er også klar for det store utbyggingsprosjektet
som vil gjera butikken mykje større. Det er Prosjektkonsult på
Husnes som administrerer dette. Alle anbodspapir er utsendt og
fristen for innsending går ut i desse dagar. Så er det opp til firmaet
i samarbeid med byggherren å avgjera kven som skal ha jobbane
men kor lang tid vurderingen vil ta er uvisst. Det er mykje papir som
skal sendast hit og dit.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen